

Neset kommune  
v/rådmannen  
6460 Eidsvåg

# ENDELEG TILSYNSRAPPORT

Tilsyn med Neset kommune som  
barnehagemyndighet

25.02.2014

Saksnummer: 14/712

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Silje Veronika Reinaas og Maren Ørjasæter Aaland

## Innhald

Samandrag.....	4
1 Innleiing.....	4
2 Om tilsynet med Nettet kommune.....	4
2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit .....	4
2.2 Tema for tilsyn.....	4
2.3 Om gjennomføringa av tilsynet.....	5
2.3 Om tilsynsrapporten .....	6
3. Barnehagelova § 10: Godkjenning av barnehagar.....	6
3.1 Rettsleg krav .....	6
3.2 Fylkesmannens undersøkingar .....	7
3.3 Fylkesmannens vurderingar .....	7
3.4 Fylkesmannens konklusjon.....	7
4. Barnehagelova § 12a: Rett til plass i barnehage.....	7
4.1 Rettsleg krav .....	7
4.2 Fylkesmannens undersøkingar .....	7
4.3 Fylkesmannens vurderingar .....	7
4.4 Fylkesmannens konklusjon .....	8
5. Barnehagelova § 16 jf. § 8 første ledd: Kommunen sitt tilsyn .....	8
5.1 Rettslege krav.....	8
5.2 Fylkesmannens undersøkingar.....	8
5.3 Fylkesmannens vurderingar.....	9
5.4 Fylkesmannens konklusjon.....	9
6. Barnehagelova § 16 Jf. § 17: Kommunen sitt tilsyn med at barnehagane har tilfredsstillande leiing.....	9
6.1 Rettslege krav.....	9
6.2 Fylkesmannens undersøkingar.....	10
6.3 Fylkesmannens vurderingar.....	10
6.4 Fylkesmannens konklusjon.....	10

7. Barnehagelova § 16 jf. § 18: Kommunen sitt tilsyn med at barnehagen har Tilfredsstillande øvrig personale.....	10
7.1 Rettslege krav.....	10
7.2 Fylkesmannens undersøkingar.....	11
7.3 Fylkesmannens vurderingar.....	11
7.4 Fylkesmannens konklusjon.....	11
8. Barnehagelova § 16 jf. Forskrift om pedagogisk bemanning § 1: Kommunen sitt tilsyn med at barnehagane har tilfredsstillande pedagogisk bemanning.....	11
8.1 Rettslege krav.....	11
8.2 Fylkesmannens undersøkingar.....	11
8.3 Fylkesmannens vurderingar.....	12
8.4 Fylkesmannens konklusjon.....	12
9. Barnehagelova § 16 jf. § 19: Kommunen sitt tilsyn med at barnehagane etterlever krava om politiattest.....	12
9.1 Rettslege krav.....	12
9.2 Fylkesmannens undersøkingar.....	12
9.3 Fylkesmannens vurderingar.....	13
9.4 Fylkesmannens konklusjon.....	13
10. Barnehagelova § 16 jf. § 22: Kommunen sitt tilsyn med at barnehagane etterlever krava om opplysningsplikt til barnevernet.....	13
10.1 Rettslege krav.....	13
10.2 Fylkesmannens undersøkingar.....	13
10.3 Fylkesmannens vurderingar.....	14
10.4 Fylkesmannens konklusjon.....	14

## **Samandrag**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har gjennomført tilsyn med Nasset kommune som barnehagemyndigheit. Tilsynet er gjennomført som systemrevisjon og det vart ikkje avdekka lovbrøt under tilsynet. Rapporten vert lagt fram for Nasset kommune på avtalt slutt møte den 28.04.2014. I sluttmøtet er det høve for kommunen å fremme spørsmål til avklaring. Etter at sluttmøtet er gjennomført, blir tilsynsrapporten sendt til kommunen og til Utdanningsdirektoratet. I tillegg blir den publisert på heimesida til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

### **1 Innleiing**

Fylkesmannen har i perioden frå 27.01.2014 til dags dato gjennomført tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit i Nasset kommune.

Det vart under tilsynet ikkje avdekka lovbrøt.

## **2 Om tilsynet med Nasset kommune**

### **2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit**

Fylkesmannen fører tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit, jf. barnehagelova § 9 andre ledd. Fylkesmannens tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit er tilsyn med det lovpålagde, jf. kommunelova § 60 b.

Fylkesmannens tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit er utøving av myndigheit og skjer i samsvar med reglane for dette i forvaltningsretten. Tilsynet skal vere prega av openheit, likebehandling og at det er etterprøvbart og effektivt.

I dei tilfella der Fylkesmannen konkluderer med at eit rettsleg krav ikkje er oppfylt, blir dette sett på som lovbrøt, uavhengig av om det er barnehagelova eller forskrifter fastsett i medhald av denne lova som er brotne.

Tilsynet er retta inn mot i kva grad kommunen oppfyller krav innanfor oppgitte emne, og rapporten viser lovbrøt og merknader om dette vert avdekt under tilsynet. Rapporten gir såleis inga fullstendig tilstandsvurdering av kommunen som barnehagemyndigheit.

### **2.2 Tema for tilsyn**

Tilsynet vart varsla i brev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal 27.01.2014. Tilsynet har omfatta kommunen si rolle som barnehagemyndigheit knytt til følgjande føresegner i barnehagelova (i kraft frå 1.1.2006) med forskrifter:

- Barnehagelova § 10: Godkjenning av barnehagar.
- Barnehagelova § 12a: Rett til plass i barnehage.
- Barnehagelova § 16 jf. § 8: Kommunen sitt tilsyn med barnehagane.

Kommunen sitt tilsyn med barnehagane har vore eksemplifisert med følgjande føresegner:

- Barnehagelova § 17: Styrar.

- Barnehagelova § 18: Barnehagen sitt øvrige personale.
- Forskrift om pedagogisk bemanning § 1. Norm for pedagogisk bemanning.
- Barnehagelova § 19: Politiattest for tilsette i barnehagen.
- Barnehagelova § 22: Opplysningsplikt til barnevernet.

Formålet med tilsynet er å vurdere om Nesset kommune har tilfredsstillende styring i høve til regelverket. Tilsynet omhandler m.a. å undersøke om:

- aktiviteter vert utførte slik som det går fram av skriftleg dokumentasjon og gjennom intervju med sentralt plasserte personar i kommunen
- kommunen driv verksemda si innanfor eigne rammer og dei rammene som styresmaktene har sett.

Val av tema er gjort med utgangspunkt i sentrale og tidsaktuelle tema for sektoren. Vidare gjennom kunnskap om Nesset kommune og det at Fylkesmannen i Møre og Romsdal har planlagt å gjennomføre eit omfattande tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit i alle kommunane i fylket. Lovbrot på bestemmelsane det er valt å føre tilsyn med, vil kunne ha store konsekvensar for tryggleik og kvalitet i barnehage tilbudet.

### **2.3 Om gjennomføringa av tilsynet**

Tilsyn med Nesset kommune vart opna gjennom brev 27.01.2014. Kommunen er blitt pålagt å leggje fram dokumentasjon for Fylkesmannen med heimel i kommunelova § 60 c.

Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar er baserte på skriftleg dokumentasjon og opplysningar frå intervju, og ved verifikasjon av at rutinar, prosedyrar og instruksar vert følgde opp i praksis.

Følgjande dokument inngår i dokumentasjonsgrunnlaget for tilsynet:

- Årsmelding 2012
- Årsmeldingar for barnehagar per 15.12.2013
- Organisasjonskart for kommunen
- Reglement for folkevalgte organer og reglement for delegasjon
- Administrativt vedtak om dispensasjon frå utdanningskravet som førskolelærer – 2013/2014
- Tjenester og oppgaver, handlingsplan 2014
- Årsplan for barnehagene i Nesset kommune 2013-2014
- Informasjonsskriv Eidsvåg barnehage 2013/2014
- Temaplaner Eidsvåg barnehage 2013/2014
- Plan for tilsyn
- Tilsynsrapportar
- Godkjenning av Farnen friluftsbarnhage AS
- Vedtekter for barnehagane i Nesset kommune
- Vedtekter farnen friluftsbarnhage

Ytterlegare informasjon og dokumentasjon er og motteke og arkivert på saka.

Det vart gjennomført tilsyn på staden 25.02.2014.

Det var intervju med:

- Rådmann Liv F. Husby
- Barnehagefagleg rådgivar Tanja Alise H. Bersås
- Styrar i Eidsvåg barnehage Anita Sagli
- Styrar i Eresfjord barnehage Tove Mari Krogset
- Styrar i Farmen friluftsbarnhage AS Marit Synnøve Sæther

### **2.3 Om tilsynsrapporten**

Sidan det under tilsynet ikkje vart avdekka lovbrøt, inneheld tilsynsrapporten ikkje fristar for retting av ulovlege forhold.

- Lovbrøt førekjem når krav som er fastsette i, eller i medhald av, lov eller forskrift ikkje er oppfylte. I Nesset kommune avdekka fylkesmannen ikkje slike forhold.

## **3. Barnehagelova § 10: Godkjenning av barnehagar**

### **3.1 Rettsleg krav**

Det følgjer av barnehagelova § 10 at (sitat):

*«Kommunen avgjør søknad om godkjenning etter en vurdering av barnehagens egnethet i forhold til formål og innhold, jf. §§ 1, 1a, og 2.*

*Kommunen kan ved godkjenningen sette vilkår for driften med hensyn til antall barn, barnas alder og oppholdstid.*

*Kommunens vedtak kan påklages fylkesmannen.»*

Med utgangspunkt i denne føresegna vert det stilt krav om at fysiske rammer må vere eigna til barnehagedrift. Vidare må barnehagen legge til rette for leik, livsutfalding og meningsfylte aktivitetar og opplevingar i trygge og utfordrande omgjevnader. Barnehagen må ta omsyn til kroppslege utfordringar, samt at det vert sett gode vilkår for læring, leik, meistring og omsorg.

Vidare må bemanningsplanen vise at drifta av barnehagen vil bli forsvarleg og at barnehagen kan oppfylle loven og rammeplanen sine krav til innhaldet i barnehagen.

Vurderinga av barnehagen si «egnethet» i forhold til føremålet og innhaldet er ei vurdering som må gjerast i tillegg til andre lovfesta kriterie for godkjenning av barnehagebygg. Sjå også Ot.prp. nr. 72 (2004-05).

Barnehagen skal vere godkjend etter § 10 innan oppstart av barnehagedrifta. Det må gjevast ny godkjenning når endringar i barnetal/bygningsmasse tilseier dette i forhold til den gjeldande godkjenninga, vidare når barnehagen skiftar eigar. Barnehagen må til ei kvar tid vere godkjend for den verksemda ein faktisk driv.

### **3.2 Fylkesmannens undersøkingar**

Fylkesmannen har gått gjennom og vurdert innhaldet i innsendt dokumentasjon som m.a. inneheld gjeldande godkjenning og godkjenningsvedtak av barnehage. Vidare er opplysningar gitt i intervju tatt med i våre vurderingar av kommunen si oppfylling av lovkrava i regelverket.

### **3.3 Fylkesmannens vurderingar**

Det kom fram under tilsynet at Nesset kommune har ei medviten rolle til seg sjølv som godkjenningsmyndigheit, både overfor privat og kommunale barnehagar. Barnehagemyndigheita i kommunen fungerer som koordinator også i forhold til andre godkjenningsmyndigheiter. Gjennom godkjenning av utvidingar av eksisterande barnehage og godkjenning av ny ikkje-kommunal barnehage, har kommunen skaffa seg oppdatert erfaring om gjeldande lovkrav til godkjenning av barnehagar. Fylkesmannen vurderer det slik at Nesset kommune har ein godkjenningspraksis som medfører at barnehagar og innhaldet i barnehagetilbodet, vert vurdert i forhold til krava i §§ 1 og 2, formål og innhald. Kommunen som barnehagemyndigheit kan likevel vurdere om dette kjem godt nok fram i godkjenningsdokumentasjonen til alle barnehagane.

### **3.4 Fylkesmannens konklusjon**

Nesset kommune godkjenner barnehagar etter ei vurdering av om barnehagen er eigna i forhold til formål og innhald, jf. barnehagelova § 10 jf. §§ 1, 1a og 2.

## **4. Barnehagelova § 12a: Rett til plass i barnehage**

### **4.1 Rettslege krav**

Det følgjer av barnehagelova § 12a at (sitat):

*«Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter.*

*Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt.*

*Kommunen skal ha minimum ett opptak i året. Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen.»*

I tillegg til å oppfylle retten til barnehageplass i bustadkommunen til barnet frå august, bør kommunen også ha system som sikrar at kommunen har oversikt over omtrentleg behov for barnehageplassar i kommunen i den næraste framtida.

### **4.2 Fylkesmannens undersøkingar**

Gjennom intervju kom det fram at kommunen truleg vil ha eit overskot på barnehageplassar i tida som kjem. Vidare kom det fram at kommunen har kommunestyrevedtak på at alle skal få plass der dei vil, når dei vil. Denne ordninga skal evaluerast i juni.

### **4.3 Fylkesmannens vurderingar**

Fylkesmannen vurderer det slik at kommunen skaffar seg god oversikt over behovet for barnehageplassar. Gjennom framskriving av m.a. fødselstal stipulering av inn- og utflytting skaffar kommunen seg så god oversikt som råd.

#### **4.4 Fylkesmannens konklusjon**

Alle som har rett til barnehageplass i Nesset kommune får tilbod om dette i tråd med barnehagelova § 12a.

### **5. Barnehagelova § 16 jf. § 8 første ledd: Kommunen sitt tilsyn med barnehagane**

#### **5.1. Rettslege krav**

Det følgjer av barnehagelova § 8 første ledd at (sitat):

*«Kommunen er lokal barnehagemyndighet. Kommunen skal gi veiledning og påse at barnehagene drives i samsvar med gjeldende regelverk.»*

Kommunen sitt ansvar for å «påse» at barnehagene vert drivne i tråd med gjeldande regelverk vert utdjupa i barnehagelova § 16, der det står at (sitat):

*«Kommunen fører tilsyn med virksomheter etter denne lov. Kommunen kan gi pålegg om retting av uforsvarlige eller ulovlige forhold ved godkjente eller godkjeningspliktige virksomheter. Viss fristen for å etterkomme pålegget ikke overholdes, eller viss forholdet ikkje lar seg rette, kan kommunen vedta tidsbegrenset eller varig stenging av virksomheten. Kommunens stengingsvedtak skal sendes fylkesmannen til orientering. Vedtak om retting og stenging kan påklages fylkesmannen.»*

Kommunen skal føre tilsyn med at barnehagane i kommunen vert drivne i tråd med barnehagelova. Tilsyn er noko anna enn rettleiing, dette er ei sjølvstendig oppgåve som også ligg til kommunen som barnehagemyndigheit, jf. barnehagelova § 8 første ledd.

Overfor sine egne verksemdar er kommunen sitt tilsyn også heimla i kommunelova kap. 12. På grunn av at tilsynsrolla har ei viktig side mot nettopp rettleiing, er det viktig å definere tilsynet som noko som skjer ovanfrå og ned, der ei viktig oppgåve vil vere å gi pålegg til barnehagane i kommunen dersom det vert drive i strid med lovverket. Tilsynet må gjennomførast på ein måte som sikrar at eventuelle lovbrøt vert oppdaga og sanksjonert. I denne samanhengen må tilsynet organiserast på ein måte som gjer at kommunen faktisk «påser» at barnehagane i kommunen vert drivne i tråd med regelverket.

Barnehagelova gir ingen bindingar på korleis tilsynet skal gjennomførast, og det er opptil kommunestyret å avgjere kva for organ som skal utføre tilsynet, jf. kommunelova §§ 10, 12 og 23. Det er viktig at ein ser til at tilsynet vert utøvd i tråd med delegasjonsreglementet i kommunen.

#### **5.2 Fylkesmannens undersøkingar**

Fylkesmannen har gått gjennom innsendt dokumentasjon. Gjennom intervju kom det fram at kommunen er i ein prosess med å utvikle tilsynet med barnehagane. Kommunen vurderer å gjennomføre tilsyn med systemrevisjon som metode, og har vore på besøk i ei anna kommune for erfaringsdeling. Det kjem fram at det kan vere utfordrandre med

dobbeltrolla kommunen har som både barnehageeigar og myndigheit, men kommunen har tatt grep for å klargjere dette forholdet.

### **5.3 Fylkesmannens vurderingar**

Fylkesmannen vurderer det slik at Nesset kommune har eit godt grep om rolla si som tilsynsmyndigheit. Kommunen er i ein viktig utviklingsprosess for å forbetre tilsynet med barnehagane. Vidare vurderer vi det slik at kommunen har eit medvite forhold til utfordringane knytt til rollene som eigar og myndigheit. At dette er eit tema til diskusjon, vurderer fylkesmannen som positivt.

### **5.4 Fylkesmannens konklusjon**

Nesset kommune fører tilsyn med barnehagane i kommunen i tråd med barnehagelova §§ 16, jf. 8.

## **6. Barnehagelova § 16 jf. § 17: Kommunen sitt tilsyn med at barnehagane har tilfredsstillande leiing**

### **6.1 Rettslege krav**

Når det gjeld det generelle innhaldet i kommunen sitt tilsynsansvar vert det vist til den tidlegare utgreiinga om barnehagelova § 16.

Det følgjer av barnehagelova § 17 at (sitat):

*«Barnehagen skal ha en forsvarlig pedagogisk og administrativ ledelse.*

*Barnehagen skal ha en daglig leder som har utdanning som førskolelærer eller annen høgskoleutdanning som gir barnefaglig og pedagogisk kompetanse.*

*Kommunen kan innvilge dispensasjon frå utdanningskravet etter andre ledd. Kommunens vedtak kan påklages til fylkesmannen.*

*Departementet gir nærmere forskrifter om dispensasjon frå utdanningskravet og om godkjenning av yrkeskvalifikasjoner frå utlandet.»*

Denne føresegna stiller opp eit krav om at kvar barnehage må ha ein dagleg leiar som har kvalifiserande utdanning til å vere styrar i barnehagen.

Når det gjeld kva som er innhaldet i kravet om «forsvarlig pedagogisk og administrativ ledelse», er dette ein standard som må tolkast etter lokale tilhøve, og vil variere alt etter mellom anna storleiken på barnegruppe, areal, og samansetting av barne- og personalgruppa. I vurderinga av om leiinga er forsvarleg, må ein ta omsyn til dei mange oppgåvene som ligg til styraren i barnehagen. Mellom anna har styraren i tillegg til det reint administrative ansvaret også ei nøkkelrolle når det kjem til initiativ, tiltak, planlegging og oppfølging i samband med pedagogisk arbeid og prosjekt. Styraren må vidare vere tilgjengeleg for foreldra, og må legge til rette for eit godt arbeidsmiljø for dei tilsette. I tillegg til dette har styraren også ansvaret for utviklings- og endringsarbeidet i

barnehagen. Sjå vidare om kravet til styrarane i barnehagen i Kunnskapsdepartementet sine merknader til føresegna, samt rettleiaren om pedagogisk bemanning i barnehagen.

Det er kommunen si oppgåve som barnehagemyndigheit å føre tilsyn med at barnehagen – på bakgrunn av det som her har vore nemnt – har ei forsvarleg pedagogisk og administrativ leiing, jf. barnehagelova §§ 16 jf. 8 første ledd.

## **6.2 Fylkesmannens undersøkingar**

Det kom fram under tilsynet at Nesset kommune har god oversikt over leiinga av barnehagane. I tillegg til tilsynsverksemda, er kommunen jamnleg i kontakt og dialog med styrarane barnehagane. Kommunen har gjennom årsmeldingar, rapporteringar og andre aktivitetar godt innsyn i barnehageverksemdene.

## **6.3 Fylkesmannens vurderingar**

Fylkesmannen vurderer det slik at det er god kontakt og dialog mellom kommunen og leiinga i barnehagane. Dette er sikra både gjennom direkte tilsyn med om barnehagane har ei forsvarleg pedagogisk og administrativ leiing og gjennom annan aktivitet som har element av tilsyn i seg.

## **6.4 Fylkesmannens konklusjon**

Nesset kommune fører tilsyn med at barnehagane i kommunen har ei forsvarleg pedagogisk leiing i tråd med barnehagelova § 17.

# **7. Barnehagelova § 16 jf. § 18: Kommunen sitt tilsyn med at barnehagen har tilfredsstillande øvrig personale**

## **7.1 Rettslege krav**

Når det gjeld det generelle innhaldet i kommunen sitt tilsynsansvar vert det vist til den tidlegare utgreinga om barnehagelova § 16.

Det følgjer av barnehagelova § 18 at (sitat):

*«Pedagogiske ledere må ha utdanning som førskolelærer.*

*Likeverdig med førskolelærerutdanning er annen treårig pedagogisk utdanning på høgskolenivå med videreutdanning i barnehagepedagogikk.*

*Kommunen kan gi dispensasjon frå utdanningskravet i første ledd. Kommunens vedtak kan påklages til fylkesmannen.*

*Departementet gir forskrifter om dispensasjon, om godkjenning av yrkeskvalifikasjoner fra utlandet og om unntak frå utdanningskravet for personale som arbeider i barnehagen på nattid.*

*Bemanningen må være tilstrekkelig til at personalet kan drive en tilfredsstillende pedagogisk virksomhet.*

*Departementet gir utfyllende forskrifter om pedagogisk bemanning.»*

Kommunen skal føre tilsyn med at det er tilfredsstillende bemanning i barnehagane i kommunen, og at dei tilsette i barnehagen har den naudsynte utdanninga.

## **7.2 Fylkesmannens undersøkingar**

Det kom fram under tilsynet at kommunen ser til at dei tilsette i barnehagane i kommunen har den naudsynte kompetansen som vert kravd for arbeid i barnehagen. Det kom vidare fram at kommunen har rutinar for handsaming av søknader om dispensasjon frå utdanningskravet. Vidare vert det gitt rettledning til tilsette som arbeider på dispensasjon frå utdanningskravet.

## **7.3 Fylkesmannens vurderingar**

Neset kommune har god oversikt over personalsituasjonen i den ein skilde barnehage. Dette skjer både gjennom tilsyn, rapporteringar og dialog. Fylkesmannen merkar seg at kommunen har lagt til rette for tilsette si kompetanseutvikling. Dette gjeld både grunnutdanning til førskulelærar/barnehagelærar og etter- og vidareutdanning. Personalet sin kompetanse er viktig for kvaliteten i det pedagogisk tilbodet i barnehagen. Vidare er dette viktig for å rekruttere nye fagpersonar og for å behalde dei fagpersonane ein har i barnehagane i kommunen. Vi vurderer Neset kommune si tilrettelegging på dette området som svært positiv.

## **7.4 Fylkesmannens konklusjon**

Neset kommune fører tilsyn med at dei tilsette i barnehagen har naudsynt kompetanse i tråd med barnehagelova § 18.

# **8. Barnehagelova § 16 jf. Forskrift om pedagogisk bemanning § 1: Kommunen sitt tilsyn med at barnehagane har tilfredsstillende pedagogisk bemanning**

## **8.1 Rettslege krav**

Det følgjer av forskrift om pedagogisk bemanning § 1 at (sitat):

*«Det skal være minimum en pedagogisk leder per 14 – 18 barn når barna er over tre år og en pedagogisk leder per 7 – 9 barn når barna er under tre år og barnas daglige oppholdstid er over seks timer. I barnehager der barna har kortere oppholdstid per dag, kan barnetallet økes noe per pedagogisk leder».*

Norm for pedagogisk bemanning tilseier at det skal vere «en» pedagogisk leiar per 14-18/7-9 «barn». Dette inneber at ein må tilsette ein pedagog i full stilling ved inntak av det 19. eller 10. barnet. Norma gjeld heile stillingar, og tek ikkje omsyn til omfanget av oppholdstida til barna i barnehagen.

Kommunen skal føre tilsyn med at denne norma vert følgd i barnehagane i kommunen. Kommunen som barnehagemyndigheit må ha ei korrekt forståing av pedagognorma.

## **8.2 Fylkesmannens undersøkingar**

Det kom fram under tilsynet at kommunen har ei korrekt forståing av pedagognorma og at det 10. barnet under tre år og det 19. barnet over tre år, utløyser ei ny full stilling. Tilsynet gav fylkesmannen informasjon om at kommunen følgjer dette tett opp, og at pedagogisk bemanning vert vurdert og rekna på for kvart barn som får tilbod om barnehageplass.

### **8.3 Fylkesmannens vurderingar**

Fylkesmannen vurderer det slik at Nesset kommune har god oversikt og «påser» at barnehagane i kommunen overheld krava i forskrifta om pedagogisk bemanning.

### **8.4 Fylkesmannens konklusjon**

Nesset kommune fører tilsyn med at barnehagane i kommunen har tilstrekkeleg bemanning i tråd med forskrift om pedagogisk bemanning § 1.

## **9. Barnehagelova § 16 jf. § 19: Kommune sitt tilsyn med at barnehagane etterlever krava om politiattest**

### **9.1 Rettslege krav**

Det følgjer av barnehagelova § 19 at (sitat):

*«Den som skal arbeide i barnehage må legge fram tilfredsstillende politiattest. Attesten skal vise om vedkommende er siktet, tiltalt eller dømt for seksuelle overgrep mot barn.*

*Personer som er dømt for seksuelle overgrep mot barn, er utelukket for arbeid i barnehager.*

*Kommunen kan kreve politiattest etter første ledd også for andre personer som regelmessig oppholder seg i barnehagen.*

*Departementet gir utfyllende forskrifter om politiattester.»*

Kommunen skal føre tilsyn med at barnehagane har tilstrekkelege rutinar for framlegging av politiattest for alle som skal arbeide i barnehagen. Det er her viktig å merke seg at lova ikkje stiller krav om at den som skal legge fram politiattesten må vere tilsett i barnehagen, det er tilstrekkeleg at vedkomande skal utføre arbeid i barnehagen. Kravet gjeld dermed også personar som er tilsett hjå andre, til dømes innleigde vikarar, vaktmeistrar, reinhaldarar med meir.

### **9.2 Fylkesmannens undersøkingar**

Det kom fram under tilsynet at Nesset kommune fører tilsyn med at alle barnehagane i kommunen handhevar dei som arbeider i barnehagen si plikt til å legge fram politiattest ved tilsetning. Det vert nytta skjema og nedteikna ein merknad om at politiattest er framlagt. Vidare vert attesten makulert. Det kom imidlertid fram under tilsynet at framlagte politiattestar ved ikkje-kommunal barnehage ikkje har vorte makulerte. I

løpet av tilsynet er denne praksisen endra i tråd med krava til makulering i barnehagelova.

### **9.3 Fylkesmannens vurderingar**

Vi vurderer Nesset kommune sin tilsynspraksis med at barnehagane handhevar plikta til framlegging av politattest til å vere i tråd med krava i barnehagelova. Det er lagt opp til eit system som er etterprøvbart i sak-journalsystemet i kommunen, og kommunen har gjennomført tilsyn.

### **9.4 Fylkesmannens konklusjon**

Nesset kommune fører tilsyn med at barnehagane i kommunen handhevar plikta til å legge fram politattest i barnehagen, jf. barnehagelova § 19.

## **10. Barnehagelova § 16 jf. § 22: Kommunen sitt tilsyn med at barnehagane etterlever krava om opplysningsplikt til barnevernet**

### **10.1 Rettslege krav**

Det følgjer av barnehagelova § 22 at (sitat):

*«Barnehagepersonalet skal i sitt arbeid være oppmerksom på forhold som kan føre til tiltak frå barneverntjenestens side.*

*Utan hinder av taushetsplikt skal barnehagepersonalet av eget tiltak gi opplysninger til barneverntjenesten, når det er grunn til å tro at et barn blir mishandlet i hjemmet eller det foreligger andre former for alvorlig omsorgssvikt, jf. lov om barneverntjenester § 4-10, § 4-11, § 4-12, eller når et barn har vist vedvarende alvorlige adferdsvansker, jf. same lov § 4-24. Også etter pålegg fra de organer som er ansvarlige for gjennomføringen av lov om barneverntjenester, plikter barnehagepersonalet å gi slike opplysninger. Opplysninger skal normalt gis av styrer.»*

Denne føresegna pålegg personalet i barnehagen ei plikt både til å vere merksam på forhold som kan føre til tiltak frå barneverntenesta, og å gje opplysningar til barnevernet uhindra av teieplikta. Ein føresetnad for at denne føresegna skal etterlevast i barnehagane er at personalet der er kjende med innhaldet i barneverntenesta, samt at ein kjenner til kva som ligg i omgrepet «omsorgssvikt».

Spørsmålet blir dermed om kommunen fører tilsyn med at dei som arbeider i barnehagane er kjende med innhaldet i opplysningsplikta etter § 22, og om denne føresegna vert etterlevd i barnehagane i kommunen.

### **10.2 Fylkesmannens undersøkingar**

Under tilsynet kom det fram at kommunen har faste samarbeidsmøte mellom helsestasjon, barnehage og barnevern. Personalmøter i barnehagen vert og nytta. Tverrfagleg team besøker barnehagar og skular. Barnehagane har med i årshjulet at det skal vere gjennomgang på dette temaet med alle tilsette kvar haust. No planlegg ein

månadleg gjennomgang, også for å kvalitetssikre at dette er kjent for vikarar. Kommunen har interkommunalt barnevern med kommunane Tingvoll og Sunndal, med Sunndal kommune som vertskommune.

### **10.3 Fylkesmannens vurderingar**

Neset kommune set jamnleg søkjelys på innhaldet i opplysningsplikta dei tilsette i barnehagane har. Kommunen har etablert faste møte der dette er eit kontinuerleg tema. Vidare utviklar kommunen rutine sine for å sikre at også vikarar vert gjort kjende med krava i opplysningsplikta til barnevernet, og fører tilsyn med at barnehagane etterlever opplysningsplikta til barnevernet. Vår vurdering er at kommunen sitt kontinuerlege arbeid på dette området er svært positivt. Vi vurderer kommunen sin praksis til å vere i tråd med lovkrava.

### **10.4 Fylkesmannens konklusjon**

Neset kommune fører tilsyn med at barnehagane i kommunen etterlever opplysningsplikta til barnevernet slik denne går fram av barnehagelova § 22.

[Sign.]